

Møteprotokoll

Utval: Ålfotbreen verneområdestyre
Møtestad: Gloppen hotell, Sandane
Dato: 03.10.2016
Tidspunkt: 13:00 – 17:00

Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Hege Lothe	Leder	
Jan Henrik Nygård	Medlem	
Gunn Sande	Medlem	

Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Audun Åge Røys	Nestleiar	

Følgjande varamedlemmar møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Marius Strømmen	Audun Åge Røys	

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Holen	Naturoppsyn
Alf Erik Røyrvik	Verneområdeforvaltar

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 8/2016	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 9/2016	Godkjenning av protokoll frå førre møte		
RS 3/2016	Orienteringssaker		
RS 4/2016	Presentasjon av bokprosjekt - Bok om Ålfotbreen		
ST 10/2016	Ålfotbreen verneområdestyre - Omfordele tiltaksmidlar til bokprosjekt		2016/9
ST 11/2016	Arbeidsmøte om Besøksstrategi		
ST 12/2016	Eventuelt		

ST 8/2016 Godkjenning av innkalling og sakliste

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Vedtak ST 8/2016

Innkalling og sakliste vart godkjent

ST 9/2016 Godkjenning av protokoll frå førre møte

Framlegg til vedtak:

Protokoll frå førre møte vert godkjent og signert

Vedtak ST 9/2016

Protokoll frå styremøte 1/2016 vart godkjent og signert

RS 3/2016 Orienteringssaker

a) Status på tiltak

Molo på Mettenes:

Vil truleg inngå avtale med grunneigar i haust og betale ut 100.000 til tiltaket. Kjem nok ikkje i gang med jobben i år.

Det føreligg ikkje konkrete planer per no om andre tiltak.

b) Arve Sandal og bokprosjektet

Arve Sandal har starta på arbeidet med å skrive bok om Ålfotbreenområdet. Han vil kome seinare i dag og presentere ideen.

Det vil seinare kome opp sak om omfordeling av tiltaksmidlar til dette prosjektet.

c) Kraftverkssøknad om Kaldeelva er trukken

Som eit av prosjekta i «Gloppen-pakken» vart det søkt om konsesjon til å bygge ut Kaldeelva. Det var ein del motstand mot dette prosjektet, og søknaden vart trukken før synfaringsrunden i juni.

d) SFE – helikoptersøknad

SFE fekk løyve til å lande med helikopter på Ålfotbreen i under med synfaring i samband med konsesjonssøknad på Bredvatn Kraftverk. Løyvet vart gjeve med delegert mynde. Synfaringa vart ein del korta ned grunna veret.

e) Løyve til NIBIO - sette opp merkepinnar i samband med forskning langs Hyefjorden

Norsk Institutt for Bioøkonomi fekk løyve til å sette opp små merkepinnar og merker på tre langs Hyefjorden i samband med eit forskingsprosjekt. Løyvet vart gjeve med delegert mynde.

f) Helikopterløyve til Flora turlag til hyttene.

Flora turlag fekk løyve til å lande med helikopter ved Gjernabu og Blåbrebu i mai, i samband med transport av forsyningar. Løyvet vart gjeve med delegert mynde.

g) Ekstraløyve helikopter Flora turlag i samband med vedlikehald på hytte

I løpet av sommarsesongen dukka det opp behov for reperasjonar på Blåbrebu. Dette kunne ikkje kombinerast med løyvet til transport av forsyningar. Dei fekk derfor eit «ekstraløyve» for å løyse dette. Løyvet vart gjeve med delegert mynde.

h) Studietur til Geilo og Hallingskarvet

Gunn Sande orienterte om studieturen til Geilo i slutten av mai.

RS 4/2016 Presentasjon av bokprosjekt - Bok om Ålfotbreen

Arve Sandal møtte verneområdestyret og orienterte om bokideen sin. Han vil gjerne skrive ei bok om Ålfotbreen, områda rundt og ulike tema som er relevante for dette området (geologi, klima, , friluftsliv, jakt, kraftproduksjon).

Sandal gjorde greie for planane sine og kva utfordringar som må løysast for å realisere ei slik bok. Han skisserte ulike alternativ og synte bilete frå det materialet han har til no.

Arkivsaksnr: 2016/9-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 26.09.2016

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	10/2016	03.10.2016

Ålfotbreen verneområdestyre - Omfordele tiltaksmidler til bokprosjekt

Bakgrunn

Forfatter Arve Sandal har starta arbeidet med å skrive ei bok om Ålfotbreenområdet. Sandal vil presentere denne ideen og prosjektet for verneområdestyret i samband med møtet.

Det kostar pengar å skrive og gje ut ei slik bok. Det er uvisst i kva grad denne boka kan finansierast gjennom kommersielt sal. Ein kan derfor vere avhengig av ekstern støtte for å realisere eit slikt prosjekt.

Handsaming i møtet

Verneområdestyret bør vurdere om noko av tiltaksmidlane for 2016 kan omfordelast til dette prosjektet.

Vedtak ST 10/2016

Verneområdestyret set av kr. 100.000 av tiltaksmidlane for 2016 til bokprosjektet.

Eventuell utbetaling av desse midlane føreset ei avtale med forfattaren om bruk av materialet som verneområdestyret godkjenner. Verneområdeforvaltaren tek kontakt med Sandal og skriv eit utkast til avtale som vert lagt fram for styret.

ST 11/2016 Arbeidsmøte om Besøksstrategi

Verneområdestyret gjennomførte eit arbeidsmøte om besøksstrategien, saman med inviterte aktørar:

- Flora turlag
- Midtre Nordfjord turlag
- Keipen turlag
- Sogn og Fjordane turlag
- Nordfjord folkehøgskule
- Firda vidaregåande skule
- Arve Sandal

Verneområdestyre og forvaltninga fekk mange gode innspel til kva som er dei besøkande sine behov, ynskjer og tankar kring framtidig bruk av Ålfotbreen landskapsvernområde.

ST 12/2016 Eventuelt

Ingen saker